

US 133/09 Innpassing av Arkeologisk Museum i Universitetet i Stavanger - statusrapport

(ePhortesak 2009/4148)

Styret tok i sak 90/08 avgjerd om å innpasse Arkeologisk museum i Universitetet i Stavanger. Eitt år har gått sidan dess, og det er naturleg å oppsummere prosjektet.

Det har ikkje vore enkelt å innpassa i UiS ei verksemd med andre oppgåver, anna kultur, anna styringsform og anna finansieringssystem. Når det likevel har gått relativt bra, skuldast det stor innsats, vilje til kompromiss og mykje hardt arbeid. Ei stor utfordring har det og vore å få orden på løyvinga frå staten i overføring frå eitt departement til eitt anna, i frå eitt budsjetteringssystem til eitt anna.

Alt er ikkje heilt på plass enno, men prosessane er framleis greie og prega av vilje til å finne løysingar.

I skriv til departementa i mai i fjor bad UiS og AMS om ei styrka basisløyving for AMS, slik at kravet til inntening for museet kunne reduserast, og slik at museet kunne konsentrere seg i større grad om forskning og formidling. Dette har ikkje staten følgd opp. Sidan innteninga i år er mindre enn tidlegare år, får museet for 2009 eit overforbruk på 2.5 millionar. I styresaken i fjor vart dette peikt på som ein risikofaktor, og det slo diverre til. Men på alle andre punkt har det gått bra.

Universitetsdirektøren forventar fokus på den økonomiske utfordringa på museet, noko dei der tek alvorleg. Slik stoda er i dag finn direktøren det rett å halda fram med sikte på å avslutta sjølve innfasinga med presentasjon av treårig handlingsplan for styret i februar i 2010.

Framlegg til vedtak:

Styret sluttar seg til universitetsdirektøren si vurdering.

Stavanger, 17.11.2009

Per Ramvi
universitetsdirektør

US 133/09 Innpassing av Arkeologisk Museum i Universitetet i Stavanger - Statusrapport.

Utgreiing.

Dei siste åra har det vore store endringar i museumsstrukturen i Noreg. Det har vore fleire offentlege utgreiingar og stortingsmeldingar med dette som tema. Eit hovudmål har vore å redusera talet på museum gjennom fusjonar og slik skapa større einingar med breiare kompetanse og stødig økonomi. I dette høvet vart det tidleg i 2008 sett i gang eit arbeid med tanke på å innpasse Arkeologisk museum i Stavanger(AMS) i Universitetet i Stavanger(UiS). Dette arbeidet la grunnlag for eit brev til Kultur- og Kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet der UiS og AMS bad om at dette vart gjennomført, og at ein i samband med dette styrkte basisløyvinga for museet slik at trongen for inntening vart redusert.

Minister for høgare utdanning og forskning, Tora Aasland, kunngjorde på opninga av studieåret 2008-2009 ved UiS at dette var godkjend i departementa, at formell aksept ville komme i Statsbudsjettokumentet for 2009, og formell innpassing ville verte frå O10109, med namn Arkeologisk Museum (AM).

Førearbeida i dei to verksemdene var grundige, og universitetsstyret gjorde i sak 90/08 vedtak om innfusjonering og rammer for denne. I den saken vart det og peikt på ein del risikomoment i samband med fusjonen. Sjå vedlegg.

Sidan det no er gått eitt år sidan vedtaket vart gjort er det naturleg å sjå på utfallet av prosessen. Museumsrådet har i møte 101109, i sak MR-AM 30/09 gjort opp status som i hovudsak er positiv, men der dei peiker på særleg problemstillinga knytt til basisfinansieringa.

I den vidare utgreiinga vert det teke utgangspunkt i sak 90/08, med kommentarar knytt til dei ulike drøftingspunkta der.

Omorganisering.

- 1) Museet er no i UiS med same status som fakultet. Museumsrådet er på plass med tre eksterne representantar. Museet har museumsdirektør på line med fakultetsdekanar. Museet har administrasjon på line med fakulteta.
- 2) Museet har oppgåver i samsvar med dei andre universitetsmusea. Det er sett større fokus på forskning.
- 3) Museet er innpassa i UiS på same vis som fakulteta i høve til at sentrale administrative oppgåver no er overteke av sentrale einingar.
- 4) Museet nyttar no UiS sine rutinar og elektroniske arbeidsreiskap.
- 5) Museet har formalorgan på line med fakulteta, med råd og tilsettingsutval.
- 6) Museet har framleis dei same fagseksjonane. Det er ein tenleg organisering ut frå oppgåvene til museet, og vert ikkje endra utan på initiativ frå museet.

Personal.

Proessen knytt til dei tilsette sine tilsettingstilhøve, og eventuelle endra oppgåver vart gjennomført heilt i samsvar med reglane i Staten. Det var oppretta ein særleg omstillingsavtale som var i verknad til 300909.

- 1) Alle prosessar vart gjennomført i samvirke med organisasjonane ved begge verksemdene. Dei ulike organisasjonane på AM har no og innfasa sine medlemmer i dei tilsvarande organisasjonane på UiS. Det er same reglar for samvirke med organisasjonane på Am som på fakulteta.
- 2) Alle tilsette ved museet vart tilsett i UiS med same løn og stillingskode og tilsettingsstatus som dei hadde ved museet, med unnatak av tre mellombels stillingar som er knytt til driftsoppgåver. Dei vart førte over til ordinære stillingar i UiS .
- 3) Personar tilsette på oppdragsfinansiering er det framleis ikkje midlar til å dekkje på basisramma. Planen er å føre dei over til basis etter kvart som det vert rom for det. Dette er ei vanskeleg sak, og museet hadde helst sett at dei vart tilsette på vanlege vilkår. Slik den økonomiske stoda er, er dette ikkje aktuelt.
- 4) HMS. Museet er teken inn i UiS sitt HMS-system, og føl dei same reglar og rapporteringssystem som andre einingar.

Økonomi.

Arbeidet med å få AMS inn i UiS i høve til økonomi har vore krevjande, sidan løyvingssystema i KKD og KD er ulike. Først i revidert nasjonalbudsjett i juni 2009 kom totalloyvinga til AM for 2009 på plass. Det er no semje om at naudsynte midlar tilsvarande AM sin basisaktivitet er tilført UiS. AM fører no rekneskap og føl kontoplan som resten av UiS.

- 1) Det er gjort omfordeling av midlane slik at sentrale tenester vert budsjettert og gjennomført av sentraleiningar. Bibliotekramma er auka og ny bibliotekar er tilsett på avdelingsbiblioteket.
- 2) For 2010 skjer budsjettering og budsjettprognosar og budsjettrapportering etter Kunnskapsdepartementet sine malar, og UiS sin detaljering av desse.
- 3) På UiS er det særleg vekt på prosjektbudsjett, -rekneskap og -kontroll. Her har Riksrevisjonen peika på at UiS har utfordringar. AM går inn i same systemet, med rekneskapsansvarleg i Økonomiavdelinga. Her står framleis ein del att før AM er fullt integrert.
- 4) Alle på AM fekk lønn, og rett lønn, i januar 2009. På same vis er resten av overgangen til UiS-økonomien gått greitt.
- 5) Ein viktig del av økonomi- og verksemdarbeidet er kontroll og oppfølging av strategi og handlingsplanar. AM sin strategiske plan vert delt i ein bit som skal innpassast i UiS-strategien og ein del som vert treårig handlingsplan slik fakulteta har det. Vi reknar med at dette er klårt før 010110.

Strategi.

Som del av prosessen skal og UiS sin strategi endrast for å omfatte museumsverksemd, og museet sin strategi omformast til handlingsplanar på line med fakulteta. Som del av denne prosessen får styret i eigen sak til dette møtet framlegg til tilpassa strategi. Denne delen av innfasinga er slik i god gjenge, men vi har vald å ta dei akutte og naudsynte formalendringane først, for så å gjennomføre strategiarbeidet i etterkant. Handlingsplanen vil bli lagt fram for styret til orientering

Vurdering av prosessane.

Frå UiS si side har dette vore eit vellukka prosjekt. Me har gjennomført innfasinga utan problem, innafor tidsrammene og utan konflikhtar. Det har vore ein del meiningsskilnader knytt til einskildsaker, men desse har vorte løyste etter kvart.

Eit døme er innplassering i stillingskodar. Dette må gjerast ut frå individuell vurdering av kompetanse og arbeidsoppgåver. Denne prosessen vil ta noko tid.

Eit anna døme var at praksis i lønstingingar var noko ulik mellom AMS og UiS. Dette vart gjennomgått i prosessen, og er no harmonisert.

Eit tredje døme var tempo i oppgradering av bibliotekfilialen, universitetet hadde det meir travelt enn museet.

Det vart gjort eit stort arbeid i dei sentrale einingane på UiS og på AMS. Dette er vidareført i 2009, og konklusjonen er at alle partar har strekt seg og synt kompromissvilje og at resultatet er at kulturane konvergerer etter kvart.

Frå museet si side er konklusjonane dei same. Det vert der peikt på at det var svært mykje nytt å halda seg til, men at det går rette vegen. Dei føler at fullt integrerte er dei enno ikkje, og at ein del ansvarstilhøve må klårgjerast ytterlegare.

Ein sak som ikkje er løyst, er alle dei oppdragstilsette på AM som har vore der så lenge at dei har opparbeidd rettar etter tenestemannslova om lag som fast tilsette. Det var vona at staten ville auka ramma for museet slik at desse kunne førast over til basisbudsjettet. Dette har departementet ikkje følgt opp, slik at utfordringa framleis er der.

Risikovurdering.

Vi såg i styresaka for eitt år sidan på fem faktorar som kunne skapa vanskar for innpassinga.

- 1) Prosjektverksemd. AM har 22.5 medarbeidarar som er knytt til prosjektverksemd. Det må difor tenast inn pengar for å skaffa lønnsmidlar til desse, pluss eventuelle andre om fleire feltarbeidarar trengst. Det vart peikt på at med strammare tider, og pålagd lågare overhead kunne det fort verte overforbruk, som UiS i så fall måtte dekkja inn. Nett no ser det ut til at denne otten var rettkome. AM melder at dei truleg vil nytta 2.5 mill meir enn tilgjengeleg ramme. For UiS er dette svært uheldig ut frå den generelt tronge økonomiske stoda. Museet har i BofU fått klår melding om at dette må rettast opp.
- 2) Ulike system og ordningar. Det var otte for at innpassing ville kosta oss ein god del ekstra midlar. Innpassinga har gått rimeleg greitt, og det er vanskeleg å sjå store kostnadspåslag ut over det som er tilført frå museet si ramme. Det har kosta oss ganske mykje i eingongskost, men dette er godt dekt av dei to millionane departementet gav oss til å løysa desse utfordringane. Det som kjem i tillegg er auka tidsbruk i stabane, særleg i økonomiavdelinga, og auka bibliotekkost, med auka tal på lisensar. Ei anna utfordring er AM sitt medlemskap i MUSIT, universitetsmusea sitt overordna system for registrering av informasjon om samlingar på nett. For 2010 har departementet gjeve UiS ytterlegare 2 millionar for innpassingstiltak, og endeleg løysing på dette er difor ikkje kritisk før i 2011. Det vert arbeid med saken.
- 3) Bibliotek. I samband med innpassing i eit universitet er bibliotektenester uunnværlige. Museet sitt bibliotek hadde vore lågt prioritert ei tid, men er no oppgradert i samband med innpassing som filial i Universitetsbiblioteket. Det må nok tilførast ytterlegare midlar, men vi er på rett veg, med ny bibliotekar og god progresjon på konvertering av databasar.
- 4) Bygg. Museet treng meir bygg. Det er gledeleg at departementet tykkjer det same, og har prioritert både meir utstillingsrom og meir magasiner. Prosessen er i god gjenge, og forprosjekt er i gang. Risikoen knytt til auka byggkostnader er enno ikkje avklåra.
- 5) Kultur og samvirke. Begge partar har synt god vilje og vore flinke til å finne omforente løysingar. Dette tykkjest ikkje å vere nokon stor risiko lenger

Oppsummering.

UiS har no på line med dei gamle universiteta og eit universitetsmuseum. Universitetsdirektøren finn ikkje grunn til å reversere innpassinga. Det er fagleg tenleg, med utvida breidd i universitetet sin kompetanse, nye oppgåver og andre synsmåtar inn i vårt system. Diverre syner det seg altså at UiS får ekstra kostnadar på dette i 2009, og det er viktig at dette vert fokusert på og løyst frå museet si side snarast.

Vi vil halda fram med å arbeide for å auke basisramma for museet.

Framlegg til vedtak:

Styret sluttar seg til universitetsdirektøren si vurdering.

Stavanger, 17.11.2009

Per Ramvi
universitetsdirektør

John B. Møst
ressursdirektør

Vedlegg: Styresak 90/08